

RØSOK VEST

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 Området regulerast til følgjande formål:

PBL 25.1 Byggeområde

- Fritidsbustad
- Naust N1 - N3

PBL 25.2 Landbruksområde

PBL 25.3 Offentleg trafikkområde

- Trafikkområde i sjø

PBL 25.6 Spesialområde

- Friluftsområde
- Privat småbåthamn
- Privat veg

PBL 25.7 Fellesområde

- Felles tilkomst

§ 2 Fellesføresegner

- 2.1 Bygningar skal plasserast innafor dei viste bygge og frisktlinjer.
For avstand til nabogrense gjeld § 70 i Plan og bygningslova.
- 2.2 Kommunen skal ved behandling av byggemeldingar sjå til at bygga får ei utforming som står i stil med kringliggande bygningar.
Dette gjeld både form, materialval, farge og utnytting av tomte.
Som hovudregel skal det nyttast sal eller valma takform.

§ 3 Byggeområde

- 3.1 Innafor B1 og B2 kan kommunen tillate at det blir bygd fleire fritidshus.
Fritidshusa skal førast opp i same byggestil med dei eksisterande bygningar.
Grad av utnytting må ikkje overstige 30% av arealet. BYA = 30%.

Område for naust N1 - N3

- 3.2 Oppføring av nye naust må skje på ein slik måte at det blir teke omsyn både til utsjånad og plassering i forhold til eksisterande naust.
- 3.3 Innafor N2 og N3 skal eksisterande bebyggelsesplan følgjast.
Innafor N1 må det ligge føre bebyggelsesplan før området blir teke i bruk til bygging.

§ 4 Landbruksområde

Landbruksområdet ligg nært opp til arealet for fritidsbustad.
For å auke trivselen for alle som brukar området bør ein difor ved drift av landbruksområdet vise omsyn til dette.

§ 6 Spesialområde

- 6.1 Innafor natur og friluftsområde kan teknisk styre tillate tiltak som er med å heve bruksverdien på områda.
- 6.2 Innafor område for privat småbåthamn er det høve til å føre opp servicebygg/klubbhus med plassering som vist på planen.

§ 8 Fellesområde

8.1 Området er regulert for felles tilkomst til området.

§ 9 Dispensasjon

Teknisk styre kan i særlege høve gi dispensasjon frå reguleringsplanen med føresegner.

Dispensasjonen må ikkje føre til vesentlege fråvik frå reguleringsplanen/ føresegner.

Sandøy kommune, 24.06.98.

Siste endring 14.10.98